

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV SEPTEMBER 2005.

ÅRGANG 41

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 - 19.00

Møtested: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: Arve Rikard Røyset

Visepres.: Hans Gisle Holstad

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Ingar Bigset

Styremedlem: Aage Nytun

Styremedlem: Johan Ole Brandal

Leiar ungdoms

utveksling: John Stennes

Ansv. Red.: Sverre Bjåstad

Referent: Hans Gisle Holstad

Fødselsdager i september:

John Jarle Holstad 12.09

Johs. J. Hareide 16.09

Oddvar Haugen 18.09

Dagfinn Vattøy 19.09

Ingar Bigset 25.09

Jan Rise 25.09

Walther Jenssen 26.09

100% frammøte sept. 2005:

Sigurd Bigset Oddvar Haugen

Odd Arne Holstad Jarle Klungsøy

Otto Holstad Hans Otto Rise

Arve R. Røyset Elias Sellevoll

Bjørn Teigene

Frammøteporsent: 66,1

## DEN ANNSAME

**Han har ikkje stund til å stogge  
og ikkje tid til å sjå.  
Menneske som han møter,  
dei ansar han aldri på.**

**Det gjeld um å fara fort.  
Mykje var det å gjera.  
Det auka dess meir han fekk gjort**

**Så lid det til endes på dagen.  
Han står der, studd over stav  
og spør: Kva har livet gjeve  
og kvar er det vorte av?**

**Slik jaga han gjennom livet  
utan å få det fatt.  
Ei glede sprang etter på vegen  
men nådde han aldri att.**

***Jan Magnus Bruheim***

## *Månadsbrev i Hareid Rotaryklubb - september 2005*

*Referent: Hans Gisle Holstad*

### **Møte 5. sept.**

Arve R Røyseth leia møtet. Etter songen "Kunnskap skal styre rike og land", vart det føreståande stortingsvalet 12.9.sett i fokus.

Det har vore tradisjon å ha eit orienteringsmøte om nye valordingar og nye tekniske moment veljarane må passe på ved valet.

Også denne gongen var det valstyresekretær Trygve Riise som orienterte. Etter orienteringa var det høve å stille spørsmål til oppklaring.

### **Møte 12. sept.**

Dette var sjølve valdagen. Mange medlemmar var opptekne i samband med valet. Dei som møtte hadde rikeleg med førevalsspådomar til kvarandre i små grupper rundt borda. Etter møtet var det strake råsa heim til vidare "oppfølging" framføre TV-skjermen.

### **Møte 19. sept.**

Etter opningssongen refererte president Arve R Røyseth frå regionsårsmøtet i Stjørdal som han og kasserar Trygve Riise (m/ektemakar) hadde vore på.

Presidenten hadde fått førespurnad frå ishavsmuseet om nokon hadde gamle leksikon til museet. Dessutan mangla museet bygdebøker frå omliggjande kommunar. Og bad rotary hjelpe med å få fatt i slike.

Det vart også orientert om arbeidet med å legge til rette for overføringar av tilstellingar/preiker i kyrkja, - til sjukeheimen.

Etter orienteringane hadde komitear møte og folk elles prata ut møtetida.

Møtet vart amputert pga at foredragshaldaren Arvid Brandal hadde vorte sjuk. Han kjem att på eit seinare møte.

### **Møte 26. sept.**

Songmeister Arne G Grimstad foreslo å synge "Mellom bakkar og berg "

Og slik vart det.

Kveldens hovudtema var orientering og foredrag om ROLLS-ROYS MARINE A/S, dep Ship Tecknology-Offshore.

Johannes Alme førde oss inn i meir "viten" om spesielt Ship Tech i Ulsteinvik; "Kva gjer vi? ", --samstundes som han viste ulike modellar av UT-700 serien. Interessante innblikk i ei ekspansiv bedrift som har sitt virke over heile verda.